

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Berit M.Eskeland	FA - N64	17/401

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
37/2017	Utval for drift og utvikling	PS	25.04.2017

## Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2017

### Saksopplysningar:

Meland kommune har på ny høve til å søkje om tilskot til breibandsutbygging frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Saka vert i år lagt fram for Utval for drift og utvikling i staden for Formannskapet, etter avtale med ordføraren, grunna kort søknadsfrist. Søknadsfristen er 3. mai.

Det er tilsaman sett av 138,7 millionar til tilskotsordninga i 2017. Føremålet med ordninga er å sikre at det vert bygd ut godt breiband i heile Norge, også i område det ikkje er lønsamt å byggje ut.

Tilskotsordninga skal sikre at midlane vert brukt slik at ein nyttar samfunnet sine ressursar på ein mest mogleg effektiv måte. Ordninga er godkjent av EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) basert på retningslinene til EU-kommisjonen for statleg stønad til breibandsutbygging.

Søknader om tilskot til breiband vert vurdert ut frå seks evalueringskriterie:

1. Talet på nye husstandar som får eit breibandstilbod - 30 %
2. Kostnadseffektivitet – 25 %
3. Lokal medfinansiering – 20 %
4. Plan for bærekraftig drift – 15 %
5. Betring av eksisterande breibandstilbod – 5 %
6. Kva dette har å seie for lokal samfunnsutvikling – 5 %

Kriteria og vektinga er den same som i 2016. Det vert ikkje lagt opp til at kommunen skal gå inn og medfinansiere utbygging av breiband.

### Vurdering

Kommunar som planlegg å søkje om breibandstilskot skal offentleggjere det geografiske området den planlagte utbygginga gjeld. Interesserte parter skal få høve til å gje innspel til kommunen før søknaden vert levert.

Meland kommune lyste 10.03.2017 ut høyring om utbygging av breibandsnettet på heimesidene til kommunen. Administrasjonen foreslå å prioritere følgjande område:

- Midsundet – Litlebergen
- lo

Bakgrunnen for å foreslå desse områda var at det ved førre søknadsrunde, i 2016, vart søkt om tilskot til desse områda jf. KS-sak 38/2016, men kommunen fekk ikkje innvilga søknaden.

### Innspel

Frist for innspel var 7. april, og innan fristen var det kome inn 13 innspel til kommunen.

<b>Dato</b>	<b>Avsender</b>	<b>Område</b>	<b>Grunngjeving</b>
09.03.2017	Magnar Leikvoll	Grasdal-Hestnesvegen-Espetveit	
10.03.2017	Kim Arne Reknes	Håtuft-Myrtveit-Gripsgård	
10.03.2017	Atle Håtuft	Myrtveit-Gripsgård-Odland	
10.03.2017	Kate Reknes	Gripsgård-Håtuft-Myrtveit	
10.03.2017	Randi Kjosås Håtuft	Grasdal-Hestdal-Håtuft-Gripsgård-Myrtveit	
11.03.2017	Geir Sæbø	Bjørndalen	Berre 4 Mbps hastigheit i dag
11.03.2017	Roy Tore Skaar	Rosland - Skjelanger	Dårlig internett skaper dagleg problem for bebuarar i desse områda mellom anna ved bruk av offentlege tenester på nett. Betre internett kan førebygge fråflytting. Skal vere breiband i ein trafostasjon i Skjelangervegen, som ein ber kommunen sjekke opp i.
19.03.2017	Geir Olav Flom	Litlebergen	
23.03.2017 og 05.04.2017	Husebøkrinsen og Bygdelag	Området nord for Eldsfjellet	Dette området manglar, som einaste område i kommunen, grunnleggjande breiband. Grunnleggjande breiband er 4 Mbps. Meland bør ha som mål at alle husstader har grunnleggjande breiband. Har fått bekrefta frå Telenor at det allereie er breiband i ein trafostasjon på Kårbø, noko som vil gje ein vesentleg kostnadsreduksjon for ei utbygging av området.
28.03.2017	Tormod Skurtveit	Landsvik-Skjelanger	Dårleg og til dels manglande breiband i dag
06.04.2017	Lisbeth og Svein Rune Nedreås	Hopland	Dårleg nett som gjer det vanskeleg å kostbart og drive bedrift
07.04.2017	Martin Groh og 14 beboere på Hopland	Hopland	Dårleg nett i dag. Nær eksisterande fiber på Holme. Stor interesse blant bebuarar i området.
07.04.2016	Beathe Andersen Knut Einar Moldekleiv	Holmeknappen	Ikkje mogleg å få breiband i området fordi det ikkje er plass på kobbernettet. Utbyggare vil ikkje byggje ut kommersielt.

Innspela omfattar i hovudsak 8 område. Alle områda har dårleg internettdekning og bør ideelt sett byggast ut så snart som mogleg. Utfordringa er at ei full utbygging er kostnadskrevjande, og desto

fleire områdekommunen søker om, desto dårlegare vil vi oppfylle kriteriet Nkom har sett om kostnadseffektivitet.

I forkant av søknadsfristen kvart år har kommunen dialog med breibandstilbydare for å få meir kunnskap om status for områda i dag, og kva moglegheiter det er for utbygging. Grunna korte frister vil resultatet av denne dialogen ikkje vere klar før møtet.

Framegg til vedtak og nærare vurderinga av dei enkelte områda vert lagt fram i møtet.

### **Utval for drift og utvikling - 37/2017**

#### **UDU - behandling:**

#### **Notat frå administrasjonen med framlegg til vedtak - utlevert i møtet:**

Administrasjonen har hatt dialog med dei to største leverandørane av breibandstenester i Meland: Telenor og BKK. Dialog er viktig for å sikre at vi ikkje søker om tilskot til område som vil bli utbygd kommersielt dei neste tre åra.

#### Litlebergen-Midtsundet

BKK informerer om at dei skal bygge ut dette område i nær framtid. Det kan difor ikkje lengar søkjast om tilskot her.

#### 4G

Telenor informerer om at dei planlegg å oppgradere alle basestasjonar i Meland til 4G i løpet av sommeren 2017. Dette skal etter utrekningane til Telenor gje over 97 % befolkningsdekning med 4G i Meland. Administrasjonen vurderer at det derfor ikkje er formålstenleg å søke om tilskot til betre 4G dekning.

#### Om kriteria til Nkom

Når område som vi ikkje kan søkje om er luka vekk, er det vurdering knytt til kriteria til Nkom som er viktige. Basert på desse er det viktige å prioritere område som i dag har dårleg dekning og spesielt dei som ikkje har grunnleggjande breiband (under 4 Mbp/s).

Samtidig vil nokre område som i dag har dårleg dekning ikkje vere formålstenleg å prioritere grunna at dei er svært kostbare bygge ut. Kostnadseffektivitet er eit viktig kriterie. Område som krev lang linjeføring og har få husstandar vil ha låg kostnadseffektivitet, og fyller kriterie for tilskot i liten grad.

Vidare er lokal medfinansiering eit kriterie som tel ein del. Meland kommune har ikkje satt av midlar til lokal medfinansiering i budsjettet for 2017. Administrasjonen kjenner til at f.eks Radøy, som fekk tilslag på søknaden sin i fjor, har gått inn med kommunale midlar. Dersom Meland ikkje får tilslag på søknaden i år bør det drøftast i budsjettbehandlinga til hausten om ein bør sette av midlar til lokal medfinansiering i 2018.

## Evaluering av innspel

Administrasjonen vurderer at kommunen bør søkje om tilskot til følgjande område:

- Io
- Landsvik-Kårbø-Husebø-Skjelanger
- Ådland
- Myrtveit-Håtuft-Hestnes-Grasdalen-Espetveit

Dette er område med dårleg dekning. Spesielt Landsvik-Kårbø-Husebø-Skjelanger. Basert på ny informasjon frå leverandørar vil det vere mogleg å byggje ut desse områda innanfor eit realistisk kostnadsestimat med tilskot. Områda er ikkje satt opp i prioritert rekkefølge. Administrasjonen ber om å få fullmakt til å gjere ei prioritering ved innsending av søknad når ein ser kva område som vil ha størst sjanse for å få tilskot.

Administrasjonen vurderer ein ikkje bør søkje om tilskot til følgjande område:

- Hopland
- Holmeknappen
- Bjørndalen

Felles for desse områda er at det er få husstander og lange linjestrekk, spesielt til Bjørndalen. Dette fører til veldig låg kostnadseffektivitet, og det er nokså sikkert at ein søknad vil bli avslått.

### **Rådmannen - framlegg til vedtak:**

«Utval for drift og utvikling godkjenner at Meland kommune søkjar om tilskot til følgjande prioriterte område: Io, Landvik-Kårbø-Husebø-Skjelanger, Ådland og Myrtveit-Håtuft-Hestnes-Grasdalen-Espetveit. Områda er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge.»

Tormod Skurtveit, AP, har kome med innspel til breibandutbygginga og ba difor utvalet vurdere om han ugild ved handsaming av saka.

Utvalsmedlemmane var samde om at Tormod Skurtveit er gild ved handsaming av saka.

### **Framlegg til vedtak frå Rune Skår, SP:**

UDU gjev administrasjonen følgjande føringar til søknad om breibandsmidler :

1. Alle områder som i dag ikkje har fiberframføring må med. Td. Landsvik - Skjelanger og Grasdalen-Håtuft- Ådland.
2. Administrasjonen må sjå til tilsvarande prossessar i andre kommuner, som har klart å forhandle fram beiband til heile kommunen, ikkje berre dei mest tettbebygde grender.

Etter at utvalet hadde gått gjennom notat frå administrasjonen dagsett 25.04.2017 **trekte Rune Skår, SP, sitt framlegg til vedtak.**

### **Framlegg til vedtak frå Mabel Johansen, H:**

Som framlegget frå rådmannen med følgjande tillegg:

I budsjett 2018 søkes det avsatt kommunale midler for å sikre breibandsdekning i hele kommunen. Dette er viktig, både for næringsetableringer og for å sikre velferden for innbyggere som trenger omsorgsteknologi og for vanskeligstilte som har behov for kontakt, tjenester, mm.

**Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 0 røyster for, 9 i mot og fall.**

**Framlegg til vedtak frå Mabel Johansen, H, fekk 9 røyster for, 0 i mot og er såleis samrøystes vedteke.**

**UDU - samrøystes vedtak:**

«Utval for drift og utvikling godkjenner at Meland kommune søkjar om tilskot til følgjande prioriterte område: Io, Landvik-Kårbø-Husebø-Skjelanger, Ådland og Myrtveit-Håtuft-Hestnes-Grasdalen-Espetveit. Områda er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge.

I budsjett 2018 søkes det avsatt kommunale midler for å sikre breibandsdekning i hele kommunen. Dette er viktig, både for næringsetableringer og for å sikre velferden for innbyggere som trenger omsorgsteknologi og for vanskeligstilte som har behov for kontakt, tjenester, mm."